

## **Saksprotokoll i 14.02.2020 - fylkesutvalet**

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Moster 2024-jubileet vert nedskalert og forenkla, innanfor ei ramme på 15 MNOK.  
Av dette skal 5 MNOK gå til øyremerka vedlikehald av middelalderkyrkjer i fylket i tillegg til ordinære løvingar.»

### **Avrøysting**

Innstillinga vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (FNB) for Andersen sitt forslag.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Det vert oppretta eit aksjeselskap som har som føremål å planlegge og gjennomføre jubileet i 2024.
2. Selskapet skal vere eigd 50/50 av Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune, og skal avviklast etter at jubileet er gjennomført og evaluert.
3. Eigarane gjer årlege løvingar til selskapet. Det vert lagt til grunn ei opptrapping fram mot 2024 med årlege avklaringar i kommune og fylkeskommune.
4. Vedtaket forutset likelydande vedtak i Bømlo kommune.
5. Selskapet sitt namn skal være Moster 2024 AS.
6. Bruk av dei resterande midlane etter eingongstilskotet på kr 3.150.000 frå Hordaland fylkeskommune vil fylkestinget koma attende til.